



Ole Jørgen Lunde
Kvernhusrenen 1e
5200 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3488 - 17/33670

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
30.11.2017

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg- gbnr 192/5 Hopsdal

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg
Byggjestad: Hoplandsvegen 176 Gbnr: 192/5 Hopland
Tiltakshavar: Ole Jørgen Lunde
Ansvarleg søkjar: Ole Jørgen Lunde

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – 15 meter frå vegmidt – *jf.* Veglova § 29, gbnr 195/5 Hopsdal

Saksutgreiing:

Informasjon om saka: Det vert søkt dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av lagerplass. Det er ikkje opplyst størrelse på lagerplassen.

Vurdering/drøfting: Teknisk drift har vurdert det som forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av lagerplass. Det vil i dispensasjonen vert sett vilkår som skal sikre drift og vedlikehald av veg og omsyn til vegfarande.

Samandrag/konklusjon: Teknisk drift gjev dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av lagerplass på gbnr 192/5. Dispensasjonen vert gitt på vilkår som skal sikre drift og vedlikehald av kommunal veg og omsynet til dei vegfarande. Dispensasjonen føreset at det vert gitt dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom lagerplass og midt kommunal veg skal være minimum 4,0m. Det skal være eit fysisk skilje mellom lagerplass og kommunal veg. Skilje skal være i form av grøft. Det skal ikkje være muleg å køyre inn på lagerplass frå kommunal veg. Tilkomst skal være via privat veg.



- Lagerplass og tilkomst til denne skal være etablert slik at tekniske krav til avkjørsle frå kommunal veg vert stetta.
- Minste avstand mellom fyllingsfot og veglys skal være minimum 1,0 meter. Dette for å sikre framtidig utskifting av stolpe.
- Overvatn frå terreng skal sikrast slik at dette ikkje vert til hinder for drenering under planlagt avkjørsle og kommunal veg.

Vi gjer merksam på at dette vedtaket berre gjeld plassering i forhold til kommunal veg. Tiltak er søknadspliktig etter plan og bygningsloven.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtalerDe har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Ole Jørgen Lunde

Kvernhusreinen 1e 5200

OS